



SAKSDOKUMENT

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
99/16	Komit� for drift og forvaltning	18.10.2016

Uttale til forslag om endringar i folketrygdlova kapittel 11 om arbeidsavklaringspengar

Samandrag av saka:

Regjeringa vil gjere endringar i reglane om arbeidsavklaringspengar for   kunne gi styrkja intensiv til arbeid og aktivitet og gjere ordninga meire m lretta enn den er i dag.

Det er g tt seks  r sidan arbeidsavklaringspengar vart innf rt. Det vert foresl tt   gjera m lgruppa for arbeidsavklaringspengar meir tydeleg og   leggje til rette for eit stramare st nadsl p. Forslag til endringar i h yringsnotatet:

- Fire ulike modeller til innstramming i varighet (avsnitt 2.3)
- M lretta oppf lginga ved fastsetting av meir treffande oppf lgingspunkt som gir meir effektiv bruk av Arbeids- og velferdsetatens oppf lgingsressursar (punkt 2.5.2)
- Innf re ei karenperiode f r rett til en ny periode med arbeidsavklaringspengar (avsnitt 2.7)
- Presisere at sjukdom m  vera ei vesentleg  rsak til nedsett arbeidsevne (avsnitt 2.1)
-  nskjer og interesser skal ikkje lenger vera moment som vert tillagt vekt n r nedsett arbeidsevne skal vurderast. Krav til mobilitet vert auka ved at mottakar m  vere villig til   s kje arbeid andre stader enn p  heimstaden (avsnitt 2.1)
- Presisere at arbeidsavklaringspengar ikkje berre skal reduserast mot faktisk arbeid, men ogs  mot den tida mottakar *kunne* ha vore i arbeid (punkt 2.2.3)

H yringsfrist for uttale er 1.november 2016.

Innstilling:

1. Fjell kommune har vurdert dei fire forslaga til modell for vidaref ring av ordninga med arbeidsavklaringspengar, og er kome til at modell 1 er den mest f retrekte.

2. Fjell kommune viser m.a. til at det er usikkert om lengda på retten til stønad vil ha innverknad på effekten av arbeidsavklaringspengar, dersom det ikkje er tilstrekkeleg kapasitet til å drive tett oppfølging.
3. Fjell kommune ser fram til at departementet vil kome tilbake til eventuelle meirutgifter for kommunane i samband med lovforslaget som kjem i etterkant av høyringa.

Straume, den 03.10.2016

Steinar Nesse
Rådmann

Terje Handal
helsesjef

Handsama i Komité for drift og forvaltning - 18.10.2016:

Framlegg frå Eva Vik (AP) om nytt punkt 1:

1. Fjell kommune ynskjer i utgangspunktet å vidareføre dagens ordning. Dersom det skal leggast opp til endring, vert modell 1 føretrekt.

Framlegget frå AP om nytt punkt 1 vart satt opp mot innstillinga punkt 1. Framlegget frå AP fekk 4 røyster, AP (2) / SV / MDG, og fall. Innstillinga punkt 1 vart såleis vedteken med 5 røyster.

Innstillinga punkt 2 og 3 vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Komité for drift og forvaltning - 18.10.2016:

1. Fjell kommune har vurdert dei fire forslaga til modell for vidareføring av ordninga med arbeidsavklaringspengar, og er kome til at modell 1 er den mest føretrekte.
2. Fjell kommune viser m.a. til at det er usikkert om lengda på retten til stønad vil ha innverknad på effekten av arbeidsavklaringspengar, dersom det ikkje er tilstrekkeleg kapasitet til å drive tett oppfølging.
3. Fjell kommune ser fram til at departementet vil kome tilbake til eventuelle meirutgifter for kommunane i samband med lovforslaget som kjem i etterkant av høyringa.

Dokument vedlagt saka:

Elektronisk lenkje til høyringsdokumenta:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-om-forslag-til-endringer-i-arbeidsavklaringspenger/id2507456/>

Saksopplysningar:

I høyringsnotatet fremjar regjeringa framlegg til endringar i ordninga med arbeidsavklaringspengar med sikte på at det vert lagd fram ein lov proposisjon til Stortinget hausten 2016.

1. Bakgrunn for saka

Regjeringa vil gjere endringar i reglane om arbeidsavklaringspengar for å kunne gi styrkja intensiv til arbeid og aktivitet og gjere ordninga meire målretta enn den er i dag.

Det er gått seks år sidan arbeidsavklaringspengar vart innført. Forslag til endringar som vert presentert vil i sum bety styrkja arbeidsinsentiv og gi ei raskare avklaring av stønadsmottakar si arbeidsevne. Forslaga vil i tillegg gi noko høgare terskel for å komme inn i ordninga og lågare terskel for å miste rettar i ordninga. Dette medfører antakeleg ein reduksjon i tal mottakarar av arbeidsavklaringspengar, noko som betyr at Arbeids- og velferdsetaten kan gi ei tettare oppfølging til dei som til ei kvar tid er seg i ordninga.

2. Framlegg til endringar

Det vert foreslått å gjera målgruppa for arbeidsavklaringspengar meir tydeleg og å leggje til rette for eit stramare stønadsløp. Forslag til endringar:

- Fire ulike modeller til innstramming i varighet (avsnitt 2.3)
- Målretta oppfølginga ved fastsetting av meir treffande oppfølgingspunkt som gir meir effektiv bruk av Arbeids- og velferdsetatens oppfølgingsressursar (punkt 2.5.2)
- Innføre ei karenperiode før rett til en ny periode med arbeidsavklaringspengar (avsnitt 2.7)
- Presisere at sjukdom må vera ei vesentleg årsak til nedsett arbeidsevne (avsnitt 2.1)
- Ønskjer og interesser skal ikkje lenger vera moment som vert tillagt vekt når nedsett arbeidsevne skal vurderast. Krav til mobilitet vert auka ved at mottakar må være villig til å søkje arbeid andre stader enn på heimstaden (avsnitt 2.1)
- Presisere at arbeidsavklaringspengar ikkje berre skal reduserast mot faktisk arbeid, men også mot den tida mottakar *kunne* ha vore i arbeid (punkt 2.2.3)

2.1 Fire modellar vert foreslått

Departementet ber serskilt om høyringsinstansane sine synspunkt på fire alternative modellar.

1. Maksimal varighet på fire år. Tidsavgrense unntak til maksimalt to år og strame inn på vilkåra for unntak.
2. Maksimal varighet på tre år. Ikkje tidsavgrense unntaket, men strame inn på vilkåra for unntak.
3. Maksimal varighet på tre år. Tidsavgrense unntaket til maksimalt to år og strame inn på vilkåra for unntak.

4. Maksimal varighet på tre år. Tidsavgrensning unntaket til maksimalt eit år og strame inn på vilkåra for unntak.

3. Økonomiske konsekvensar for kommunane

For fleire av forslaga er det usikkert om dei vil medføre auka bruk av økonomisk sosialhjelp. Usikkerheten er knytt til om dei som fell utanfor arbeidsavklaringspengane grunna strengare reglar vil kome seg ut i arbeid, eller om dei vil gå over på økonomisk sosialhjelp.

Det som likevel er avklara i høyringsnotatet er at innstramingar i reglane for varighet, jf. dei fire modellane, vil ha innverknad både for stønadsmottakarane og Arbeids- og velferdsetatens åtføring og praktisering av regelverket. Det er vanskeleg å setje tal på økonomiske effektar av forslaga. Det er likevel mogleg å seie noko meir generelt om effektane ut frå statistikk om tal mottakarar som er i dei ulike fasane, og som kan bli råka av forslaget om ei eventuell innstraming av varigheten frå fire til tre år. På eit generelt grunnlag kan det innebera at talet som ikkje fyller vilkåra verken for arbeidsavklaringspengar eller uføretrygd aukar. Endringar i reglane for varighet kan føre til raskare overgang til arbeid eller utdanning, man kan og medføre ei viss overgang til økonomisk sosialhjelp eller til andre ordningar. Kor store slike effektar vil vera, vil likevel vera ulikt i dei ulike alternativa som er skissert i høyringsnotatet. Departementet vil kome tilbake til nærare anslag for innsparingar knytt til arbeidsavklaringspengar og eventuelle meirutgifter for kommunane i samband med lovforslag i etterkant av høyringa.

Vurdering:

Fjell kommune vil gi uttale til val av modell, og kome med innspel om oppfølginga av dei som er inn under ordninga med arbeidsavklaringspengar. Det er verdt å merke seg, i høyringsnotatet, at departementet vil kome tilbake til eventuelle meirutgifter for kommunane i samband med lovforslaget som kjem i etterkant av høyringa.

1. Val av modell

Rådmannen har vurdert dei fire forslaga til modell for vidareføring av ordninga med arbeidsavklaringspengar, og er kome til at modell 1 er den mest føretrekte.

Rådmannen erfarer m.a. at mange som har rus utfordringar vil fylle vilkåra for arbeidsavklaringspengar, og erfarer også at denne målgruppa i mange tilfelle treng lange rehabiliteringsløp for å kunne verte arbeidsføre. Fjell kommune sine kartleggingar viser at det til ei kvar tid vert arbeidd med omlag 120 personer som er rusmiddel avhengige. Kontraksjon i retten til arbeidsavklaringspengar slik modell 2, 3 og 4 legg opp til vil ikkje vera eit føremun for denne gruppa. Sjølv om modellane 2-4 i ulik grad legg opp til reglar for å gje unntak for hovudregelen vil modell 1 bety ein betra rettstryggleik for dei som treng dei lange rehabiliteringsløpa, ved at arbeidsavklaringspengar kan verte gitt for 4 år, heller enn at det fjerde året eventuelt vert gitt etter ei meir skjønnsbasert vurdering for rettar etter ein regel for unnatak. Også for andre grupper som har helsemessige utfordringar som inneber trong for lange rehabiliteringsløp vil modell 1 vera den meste føretrekte, idet denne modellen gjev rett på arbeidsavklaringspengar, dersom vilkåra elles er oppfylt, eit år meire enn dei tre andre modellane.

2. Oppfølging

Gjennom etableringa av kvalifiseringsprogrammet, som eit tiltak under Lov om sosiale tenester, vart det gjort eit vesentleg poeng frå Arbeids- og velferdsdirektoratet om at skreddarsaum og tett oppfølging er to hovudkomponentar som må vera til stades når det gjeld å arbeide med å få folk ut att i arbeid.

Rådmannen har erfaring med at oppfølginga rundt dei som deltek i det kommunale kvalifiseringsprogrammet eller vert inntektssikra gjennom økonomisk sosialhjelp får tett oppfølging, og i mange tilfelle ved dagleg oppmøte på Fjell kommune sitt aktivitetsretta tiltak «Muligheten». Rådmannen har over fleire år sett gode resultat frå ein slik måte å arbeide på, og omlag seks av ti kjem seg i arbeid eller aktivitet etter deltaking på «Muligheten».

Erfaringa dei siste åra, når det gjeld oppfølging av dei som står på arbeidsavklaringspengar, er at dei færreste får like tett oppfølging som dei som vert løyvd kvalifiseringsstønad eller økonomisk sosialhjelp. Det har i mange tilfelle vist seg at stor saksportefølgje har ført til at hovudfokuset vert på det forvaltningsmessige i sakene og sikring av inntekta, medan oppfølginga vert lidande av kapasitetsmessige omsyn.

Frå rådmannen sin ståstad kan det utifrå dette sjå ut som om Arbeids- og velferdsetaten kjem til kort med oppfølginga rundt den einskilde som er på arbeidsavklaringspengar. Det kan soleis vera usikkert om lengda på retten til stønad vil ha innverknad for om dei som står på arbeidsavklaringspengar kjem seg vidare, dersom sakshandsamarane som skal drive oppfølging sit med så stor saksportefølgje at det ikkje vert kapasitet til å drive tett oppfølging. Omlegging til meir målretta oppfølginga med fastsetting av meir treffande oppfølgingspunkt jf. (punkt 2.5.2) viser ei god retning for framtida utan at det er nærare konkretisert korleis dette skal gjerast og kva ressursar som må på plass.